

Strandrydde aksjonen i Meland 4.mai 2019

Kvart år dør ein million sjøfugl og 100 000 marine pattedyr på grunn av marin forøpling. Samtidig havnar over 8 millioner tonn plast i havet årlig.

Over 80 % av avfallet som havnar i havet kjem frå landbaserte kilder. Alle som rydder langs kysten på strender, øyar, havbotn m.m. eller i innlandet langs vassdrag, innsjøar, stiar m.m., bidreg difor til kampen mot marin forøpling.

Strandryddeaksjonen i Meland er lagt til den årlege nasjonale strandryddedagen og strandrydde veka. Kvart år deltek tusenvis av frivillige på Strandryddedagen som er Norges største kollektive ryddedugnad. I Meland var det i fjor ca 200 frivillige ute og rydda strendene lørdag 5.mai.

Aksjonen sitt formål er å rydde strendene for marint avfall og forebygge forøpling av strendene og elvane vår. Særleg er det viktig å rydde strendene for plast som ikkje er naturleg nedbrytbart.

Organisering av strandryddedagen i Meland 2019:

- | | |
|------------------|---|
| Frå klokka 09.30 | Registrering og utdeling av ryddeutstyr i kantina på rådhuset. Ansvar: Meland frivilligsentral, ungdomsrådet og Bærekraftig liv Meland. |
| Frå klokka 10.00 | Båt ut til Ypsøy frå lo kai. Båt frå Frekhaug / Litlebergen ut til Strender i nærområda. Rydding omkring i Meland |
| Frå ca kl. 15.00 | Avslutning. |

Kontainerar er plassert på Frekhaug og på Rossland.

Ansvarleg for organiseringa av dagen er Meland frivilligsentral og Bærekraftig liv Meland.

Ein meir detaljert oversikt over dagen kjem seinare.

